

A black and white photograph of two women standing on a rocky cliff edge. The woman in the foreground is wearing a light-colored, long-sleeved dress and is looking towards the right. The woman behind her is wearing a dark, long-sleeved dress and is also looking towards the right. The background is a clear, light blue sky. The cliff edge is rugged and dark.

Bergfrue og asfalt- dronning

Eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane Teater, Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane, folke-
musikar Elin Grytting og skodespelar Jannik
Bonnevie.

Framsyninga er støtta av Sogn og Fjordane
Fylkeskommune, kulturavdelinga.

Kjære publikum

Samarbeid kjem istand på ulike måtar.

Dette samarbeidsprosjektet er med Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane, men det ligg eit kunstnarinitiativ bak. Det er kunstnarane sjølve som har stått på for at dikta til Marie Takvam, Marit Tusvik og Aslaug Låstad Lygre skulle få ei framsyningsform.

Vi er glade for at denne framsyninga no vert spela på fleire stader i fylket og i nabofylka.

Jannik Bonnevie

er utdanna frå Statens Teaterskole (1967-71). Ho har vore fast tilsett ved DNS og i Fjernsynsteatret. Her har ho hatt store roller i klassisk og moderne dramatikk. Bonnevie har gjesta teater som Nathionalteatret, Det Norske Teatret og Riksteatret og Sogn og Fjordane Teater. I tillegg har ho i fleire år produsert egne framsyningar.

Elin Pehrson Grytting

har musikkutdanning frå Østlandets Musikkonservatorium. I dag er Grytting folkemusikar i den fylkeskommunale

Med teatret sitt fokus på samtidsdramatikk dette året, er "Bergfrue og Asfaltdronning" ein naturleg del av repertoaret. Velkomen til ei musikalsk teateroppleving for yngre og vaksne!

Førde, mai 2000

Med helsing

Mette Brantseg
Teatersjef

folkemusikk-gruppa i Sogn og Fjordane. Ho har turnert med Rikskonsertane og delteke på festivalar og konsertar i inn- og utland. I 1998 gav ho ut CD'en "Almuens Sanger Diktarpresten Claus Frimann"



Folkemusikar Elin Grytting og skodespelar Jannik Bonnevie.

Då eg byrja på gymnaset i Oslo, kom det ei jente i klassen som var frå Førde. Sommaren etter vitja eg henne i Førde. Faren hennar var distriktslege, og vi fekk reise med han til ulike stader. M.a. hugsar eg godt at vi vitja Engel Astrup på Astruptunet.

No er eg igjen i Førde. Har ein først opplevd naturen her i Sogn og Fjordane, vil ein attende. Himmel, fjell og hav kjem nærare. Lys og mørke, vind og stille får større plass. Det er ei stor glede å presentere tre kvinnelege diktarar som kjenner miljøet frå barn- domen, som veit kva livet i ei bygd inneber på godt og vondt. Det skal mot til for å bryte opp og det skal mot til for å bli. Ofte har ein ikkje noko val, ein må bu der det finst levebrød. No har fjernsynet og data- maskina inntatt heimane, og ulikskapen mellom by og land vert etterkvart mindre. Då trur eg det er viktig å kjenne røtene sine, kjenne historia og ikkje gløyme kunnskapen om dyr,

jord, hav og fjell.

Marie Takvam, Aslaug Låstad Lygre og Marit Tusvik er tre sterke stemmer som ikkje vil verte gløymde. Dei er stolte over røtene sine, har ei ansvars kjensle for livet og er ærlege i sine uttrykk.

Perspektiva deira er prega av natur og slekt. Dei sviker aldri opphavet sitt, sjøl om dei bryt opp. Det er kanskje berre slik vi kan ta i mot det ukjende. I mi tid her i Førde møtte eg Elin Grytting, ein fin folke- musikar som gjennom fleire års arbeide veit mykje om folke- musikken i Sogn og Fjordane. Vi fann fort tonen, og er takksame for at Sogn og Fjordane Teater og Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane samarbeider om denne oppsettinga.

Om det gode diktet seier Marie Takvam: "er det som har ei oppleving i seg, det som formidlar denne opplevinga vidare på eit slikt vis at lesaren kjenner seg att i noko han ikkje har opplevd før"

Velkomen!

Jannik Bonnevie

Bergfrue og asfaltdronning

Ei framsyning bygd på dikt av:

Marie Takvam, Aslaug Låstad Lygre og Marit Tusvik

Skodespelar: Jannik Bonnevie

Folkemusikar: Elin Grytting

Konsulentar:

Instruktør: Mette Brantzeg

Scenograf: John Kristian Alsaker

Språk: Terje Lyngstad

Fotograf: Erik Berg, Oslo

Framsyninga varer 45 min. utan pause

Eit samarbeid mellom Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Teater, folkemusikar Elin Grytting og skodespelar Elin Grytting. Framsyningane er støtta av Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga.

I rekkefølge får du høyre følgjande dikt:

Frå barndomsdalen

Takvam

14. november 1889

Tusvik

Desperasjon i kampen mot

Moder Tid. Takvam

Kva gjer godt?

Tusvik

Lukkelege var vi

Lygre

Vi krangla

Tusvik

Mors gode råd

Tusvik

Uimotståeleg

Tusvik

*Hoving, kulokk frå Sogn etter
Martha Takle, Brekke.*

Tre prikkar på teigen

Lygre

I min barndom

Takvam

Vi skal ikkje sova

Lygre

Morgonen er fin

Tusvik

*Morgonsalme, folketone frå
Sunnfjord.*

Oldemor

Takvam

På gjennomreise

Tusvik

Det var leitt

Tusvik

Lettnad

Tusvik

Du

Takvam

*Eg ser deg, folketone frå Voss
etter Margreta Opheim.*

Sivilisasjon

Takvam

Det glade raseri

Takvam

Ho sa:

Tusvik

*Å ve du ha meg, folketone frå
Sogn etter Bendik Sørestrand,
Lavikdalen.*

Lev mitt liv

Takvam

Død nabo

Takvam

Så stilt skulle det vera

Lygre

*Huldreslått, folketone frå
Nordfjord etter
Paul Berstad, Selje.*

**Tale ved båra til ein
vestlands-småbonde**

Takvam

*Så glad som jeg til senge går,
folketone frå Nordfjord etter
Ola Vanberg, Olden.*

Lys

Takvam

*Barnetrall, folketone frå
Nordfjord etter Nils Hole,
Breim.*

Det vandrar eit barn

Lygre

Jannik Bonnevie:

Idé, prosjektleiing, tekstutval og
tittel, opplesing og song.

Elin Grytting:

Melodiane til Det glade raseri
og Det vandrar eit barn, alle
mellomspel/ improvisasjonar,
song, diverse rytmeinstrument,
trefløyte, munnharpe og
opplesing.

Marie Takvam



Marie Takvam er fødd i 1926 i Ørsta og debuterte med diktsamlinga "Dåp under sju stjerner" i 1952. I starten møter vi ein lyrikar med eit tradisjonelt form- og biletspråk, men frå og med "Signal" (1959) møter vi ein mørkare, meir aggressiv og i tillegg meir kjønnsrollemedviten tone i Takvams dikt, samstundes som ho eit stykke på veg frigjer seg frå dei formelle tvangstrøyene og den tradisjonelle biletsstrukturen. Ho vert meir konkret og kvardagsleg. Ho utvidar perspektivet mot samfunnet og historien, med angrep på krig, atomkaplaup og forureining - aller klarast i det anti-imperialistiske diktet Gamle Europa der Takvam skildrar overgrepa frå den rike

verda mot Afrika i eit konkret valdtektsbilete.

I "Merke etter liv" (1962) vert denne tendensen ført vidare, og vi finn døme på dikt som føregrip kvinneleg kamplyrikk på 70-talet.

Sentrale tema i lyrikken til Takvam er motsetnaden mellom open-heit/livlyst og angst sfor å bli avvist og misforstått i ei kald verd styrt av menn.

Diktsamlingane hennar på 70- og 80-talet plasserer henne blant dei fremste "opprørslyrikarane" under den nye feminismen. Avstanden attende til den "naive" og kjærleikssvultne debutanten er stor.

Aslaug Låstad Lygre



Aslaug Låstad Lygre (1910-1966) var fødd i Lindås i

Nordhordaland. Ho debuterte med *No blømer alle roser* i 1943, ei samling som inneheld tradisjonell bygdelyrikk med taktfast rytme og rimpar som "arm og barm" og "eim og heim", og med naturstemningar som gir diktar-eget ein heimleg tryggleik.

I samlinga "Rit di rune" (1957) har Lygre, med hell lete seg prege av det modernistiske formspåket i tida, samstundes som motivkrinsen er utvida. Vi finn her byen for første gong, og det er som om denne røynsla skaper ei sterkare rørsle i dikta. Eit hovudtema er motsetnaden mellom eit ønske om å realisere seg sjøl i ulike roller og ein lengsel etter å finne kvile i det som er. I seinare dikt-samlingar som "Fest i september" (1960) og "Primulakveld" (1964) trer det religiøse grunndraget i dikta sterkare fram. Utan at det vert tematisert ope, formidlar Lygre i desse samlingane også ei spenning i det kvinnelege eget som opnar for klare kjønnsrolle-kritiske perspektiv.

Marit Tusvik

Marit Tusvik er den yngste av dei tre forfattarane, fødd i Høyanger i Sogn i 1951. Ho



debuterte med diktsamlinga "Reisen til mandarinlandet" i 1979, og kjenneteikn ved dikta er det enkle, konkrete, Vestlands-bakgrunn og nærleik til jord og natur.

Etter den andre diktsamlinga "I byen under byen" (1985) gjekk Tusvik over til å skrive prosa og dramatik, og gav ut si tredje diktsamling "Gjennomtrekk" i 1997.

Som barnebokforfattar debuterte Tusvik med ei diktsamling. Med nonsensliknande ver ber både "Mellom måne og sol" (1984) og "Hestehov" (1987) preg av påverknad frå Inger Hagerup.

Marit Tusvik har i 1999 motteke Amalie Skram-prisen.

Speles



S

Depotbiblioteket



00sd 34 798

Valhall, Høyanger
25. mai kl. 19.00
Bill. tlf. 57711593

**Lillingstonheimen,
Tysse**
1. juni kl. 20.00
Bill. tlf. 57735177 -
57735187

**Teaterfabrikken,
Ålesund**
2. juni kl. 21.00
Bill. sal frå kl 20.00

**Walaker Hotell,
Solvorn**
7. juni kl 19.00
Billetter ved inngang
Haugatun Lindås
12. juni kl 17.00

**Bokkafè
Mundal Hotell,
Fjærland**
18. juni kl 18.30
Bill. tlf.57692210

Selje kloster
24. juni

**Eikaasgalleriet,
Ålhus**
25. juni kl 14.00

Skulehuset, Vevring
4. juli kl 19.00
Bill. tlf. 57819131

Haavebua, Florø
21. sept. kl 20.30
Bill: Vestlandske
Reiseliv, tlf. 57747505

Sandane
22. sept. kl 20.00

Vik
23. sept. kl 19.30

**Det Nynorske
Kultursenter, Volda**
24. sept. kl 18.00

Teatersalen, Førde
5. og 6. okt. kl 19.30
7. okt. kl 14.00
Bill. tlf. 57721900



På turne i tidsrommet 25. mai - oktober.

Framsyninga kostar kr 2000,- + reise og diett.

De kan tinge framsyninga hjå Sogn og Fjordane Teater
tlf. 57 72 18 50.

Ein tek atterhald om endringar.